

og SV hadde si blomstringsid som politisk lauslikkje og pressgruppe til venstre. Samarbeidet mellom organisasjonane og statsmakta viste tendensar til slitasje. Den korporative harmonimodellen var truga både frå venstre (student- og miljøaktivismen), frå bygdepolitikane, som hadde lært seg aksjonsdemokrati i EU-kampen, og frå høgropolisten Anders Lange. Lange spela på frustrasjonar over eit vekskande byråkrati og på den automatiske skatteskjeppinga for alle, som velstandsauken innebar. «Det har jo aldri vore meininga at vi skulle betala progressiv skatt,» kunne ein L-O-leiar torne, mens han slo i bordet til partifellane sine i den politiske leiinga av Finansdepartementet.²⁹ Samtidig hadde Noreg vorte ein oljelasjon, og kampen om korleis desse inntektene skulle fordelast mellom ulike sektorar og sosiale grupper i det norske samfunnet, hadde starta.

I det nasjonale politiske bildet vart opptrappinga av inntektene i landbruket etter kvart eitt av elementa i dei kombinerte lønns- og prisoppgjera, eller dei såkalla *Kleppe-pakkane*. Denne *notkorvinaktinpolitikken* vart utvikla av Arbeidarpartiet for å styre presset på økonomien frå dei venta oljeinntektene. Stigande kornprisar på verdsmarknaden hadde nettopp vist kor sårbar norsk matvarerforsyning var. Matvarekonferansen i Roma hadde slått fast at kvart land skulle vera ansvarleg for si eiga sjølvforsyning med mat. Denne fråsegna vart utnyttja i den heimlege politiske kampen. I ein situasjon med stigande prisar på råvarer som korn og olje og med ei gryande kjensle av at utviklinga gjekk feil veg for norsk landbruk, vart det duka for omkamp om den landbrukspolitikken som hadde lege fast etter den andre verdskrigen.

Det hadde vore liten intern motstand imot strukturrasjonaliseringa i bondeorganisasjonane. «Færre, men sterkere,»³⁰ skreiv bondelagsleiar Hans Haga i 1971, men utan at bøndene vart sterkare, hadde nedgangen i sysselsetting skote fart. Det vart lagt ned 37 300 bruk i perioden 1969 til 1975, og nedgangen i årsverk var på 50 000.³¹ Dersom denne nedgangen hadde halde fram i denne takten heilt til tusenårsskiftet, ville det ha vore 38 400 bruk og 39 900 årsverk att i år 2000, mot 64 000 bruk og 79 500 årsverk, slik det vart.³²

Hitra-aksjonen er ei nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg forklaring på kvifor opptrappingsvedtaket kom. I tillegg kom faktorar som den internasjonale forsynings situasjonen, matvarekonferansen i Roma, den nye oljerikdomen og dei politiske konstellasjonane på Stortinget. Med ein norsk EEC-medlemskap i 1972 hadde det vore svært lite sannsynleg med eit offensivt opptrappingsvedtak i 1975. Da ville den landbrukspolitiske dagsordenen i langt større grad ha vore prega av ein defensiv kamp for å halde på nasjonale særordningar.




OPPTRAPPINGSPERIODEN

I 70-åra var optimismen stor. Grisefjøset ble restaurert samtidig som kulfjøset. Med god plass til fødebingar, smågrisbingar, båser til purkene som var bedekt. Lett og lyst. En trivelig arbeidsplass var det blitt. Vi hadde soveværelse i første etasje med vindu som vendte mot grisefjøset. Om sommerkveidene når vi hadde lagt oss og vinduene i grisefjøset sto oppe, var det liflig å høre grisepurka med sine heftige grynt når smågrisene dyttet henne i juret for å få mat. Og så roen og godlydene når hun begynte å gi ned melk til sine små.

Slik skildrar ei bondekone frå Byneset tidsånda. Etter opptrappingsvedtaket kom det ein hektisk utbyggingsperiode med stor optimism, særleg i husdyrbruket. Gardsskogbruket vart nedprioritert til fordel for jord-

Påverka av den optimistiske stemninga etter opptrappingsvedtaket gjekk ni naboar i Almås-Sunnset-grenda på Høland i Sør-Trøndelag i gang med maskinsamarbeid i 1977. Dei samarbeidde også om rydding av til saman 800 dekar. Dette bildet frå 1982 viser frå høge Bjarne Sunnset, Rolf Wehn, Steinur Syrtstad, Erik Sunnset og Alie Almås.



bruksdrifta. Verkemidla i jordbrukspolitikken var dei viktigaste stridstema i samtida, og jordbruksforhandlingane var viktige mediehendingar. Under leing av finansminister Per Kleppe gjekk staten inn som ein tredje part i lønnsoppgjera for å avgrense pris- og lønnsveksten. Kleppe-pakkane inneheldt skattelette, subsidiar og avgiftslette og skulle på den måten hjelpe til med å garantere ei positiv reallønnsutvikling, mot at arbeidstakarane stilt moderate lønnskrav. Det første kombinerte oppgjeret vart gjennomført våren 1976 og innebar at staten gjekk inn med i alt 2,7 milliardar, av dette 1,1 milliardar til skattelette, imot at partane vart samde om moderate lønnsstillingar.¹

Dei stenerose jordbruksoppgjera vart ein del av denne motkonjunkturpolitikken, der den svært kreditverdige norske staten kunne budsjettere med underskott. Lånte pengar frå utlandet gjekk med til å finansiere næringsstøtte og forbrukarsubsidiar. Når finansministeren vart med på opptrapingsferda, var noe av forklaringa at han ønskte å skapa politisk ro om dei kombinerte oppgjera. Men Kleppe-pakkane fekk ei kort levetid. Dosinga vart for sterk, presset i økonomien vart for stort, og vintaren 1977 vart det nødvendig med ei innstramning. Alt i 1978 var jordbruksoppgjeret tilbake til konflikt, brot og skilsmål, men partane forhandla seg fram til senje om fordelinga for ulike tiltak.

Konflikt mellom landbruks- og ernæringspolitikk

Som eit eksempel på den ambisiøse styringsivaren i Noreg midt på 1970-talet kan ein nemne planane om ei samordning av landbruks- og ernæringspolitikken. Helsedirektør Karl Evang hadde vore ein pioner i det internasjonale arbeidet for å løse ernæringsproblema. Den første av verdenskonferansane for matvarer i Hot Springs i Virginia i 1943 slo fast at økonomisk utvikling var ein føresetnad for å skaffe menneske på jorda eit fullverdig kosthald. Som ei oppfølging oppretta FN alt i 1945 Organisasjonen for matvarer og jordbruk (FAO) i Roma. Noreg markerte seg som eit føregangsland med å etablere Statens ernæringsråd i 1946, med Karl Evang som formann i dei første 16 åra (1946-62). I denne tidlege fasen var det problemstillingar omkring å skaffe nok kaloriar og vitamin, ikkje minst til barn i familjar med låge inntekter, som var mest framme.

Tidleg på 1960-talet kom spørsmålet opp om å få endra den norske matetelen slik at folkehelse hos dei vaksne vart betre. Feitforbruker vart snudd frå eit velstandstreik til eit problem. Helsedirektørar under Evang sette ned Nicolaysenkomiteen, som la fram innstillinga si i 1962 og tilrådde ein reduksjon i feittinntaket frå 40 til 30 prosent av total kaloriinntak. Dette var ein ny tanke, fjern frå problemstillingane før, under og

like etter krigen, da «godt smør» vart oppfatta som eit velferdsgode. Derfor hadde da også forbrukarsubsidiar på margarin og smør vorte innførte som eit stabiliserings- og fordelingspolitisk tiltak. Hans Borgen stilte i 1965 spørsmål i Stortinget til forbrukarminister Aase Bjerkholt (DNA) om det ikkje snart skulle koma ei stortingsmelding som tok opp korleis pris- og subsidielolitikken kunne fremja eit riktig kosthald. Svaret var positivt, men lite skjedd, mest på grunn av manglande interesse og motvassjon i Sosialdepartementet. Sosialministrane syntest folk måtte få kjøpe og eta det dei hadde lyst på, og trudde ikkje at staten kunne påverka kosthaldet.²

Det var først i perioden 1972-74 at ernæringspolitikken vart løfta fram på det politiske sakskartet. Særleg etter kornkrisen i 1972-73 kom den globale matvaresituasjonen og landbrukspolitikken til å setta ein ny dagsorden. Noreg som nettoimportør av mat skulle ta meir ansvar for eiga forsyning. Da det våren 1974 vart politisk gjennomslag i regjeringa Bratteli for ei stortingsmelding, godtok Sosialdepartementet etter ein kort kamp at Landbruksdepartementet skulle ha sekretariatet for arbeidet.³ Landbruksminister Thorstein Treholt (Ap) tok no den politiske styringa over prosessen. Saman med landbruksdirektør John Ringen, som også var leiar av Statens ernæringsråd, sørgde han for at det vart ei melding om matforsyning, med meir helsesam ernæring som eit delmål. Samtidig vart ernærings ekspertisen med Nicolay Egg-Larsen, Marit Eggen Øgrim og Kaare Norum i spissen sentrale medspelarar. Arbeidet med Ernæringsmeldinga var alt godt i gang da dei norske delegatane reiste til matvarekonferansen i Roma hausten 1974, noe som medverka til at den norske delegasjonen gjorde seg sterkt gjeldande. Noreg sto fram som eit føregangsland: det første landet i verda som var i ferd med å utvikle ein heliskapleg landbruks- og ernæringspolitikk.⁴

Stortingsmeldinga om norsk ernærings- og matforsyningspolitikk vart lagd fram av statsråd Treholt i november 1975, delvis som ei direkte oppfølging av tilrådingane frå matvarekonferansen i Roma.⁵ Hovudtrekka i ernæringsmeldinga fekk brei oppslutning frå fleirtalet i stortingsdebatten i november 1976, og internasjonalt står meldinga som det første og mest ambisiøse eksemplet på eit forsøk på politisk styring av kosthaldet i helsemessig rett lei. Hovudmålsettinga med Ernæringsmeldinga var å få folk til å eta mindre feitt og sukker og meir kornvare, potet, grønnsaker og fisk. «Et mere graut,» forkynnte statsråd Treholt i avisene, ikkje utan sjølvironisk pondus.⁶ Av omsyn til den globale matvaresituasjonen skulle ein auke norsk landbruksproduksjon slik at landet var meir sjølvforsynt med husdyrprodukt. Av distriktspolitiske grunnar skulle det legast mest vekt på å utnytte ressursane i næringsvake strøk. Forbruket av mørkt kjøtt frå storfe og sau som var produsert på norsk fôr, skulle


prioriterast framfor lyst kjøtt av gris og kylling produsert på importert kraftfôr. Det totale kjøttforbruket var aukande og burde stabiliserast. Marint feitt burde erstatte importert kokosfeitt i margarin.

Av verkemiddel for å nå målingane foreslo regjeringa opplysnings tiltak og bruk av forbrukarsubsidiar. Matkorn burde vera relativt billig og ha ein stabil pris, uavhengig av prisen på verdensmarknaden. Subsidiane på smør og margarin burde tappast ned med sikte på å fjerne dei heilt, mens subsidiane på kjøtt burde formast ut slik at det totale kjøttforbruket ikkje auka. Forbruket av mager mjølk skulle stimulerast gjennom prissettinga. Som ein konsesjon til det grasproduserande landbruket i distrikta skulle forbruket av mørkt kjøtt auka, noe som sto i strid med råda frå ernæringsvitenskapen. Det vart vidare foreslått eit tilskott til fraktnjanning på frukt og grønnsaker.

Skulle ernæringsomsyn ha vorte følgde konsekvent, burde forbruket av alle feite mjølkprodukt og mørkt kjøtt vore redusert. I så måte er det rett å sjå Ernæringsmeldinga som eit kompromiss, der landbruksinteressene vart med ernæringsinteressene eit stykke på veg. Trass i alt tilrådde meldinga ei kosthaldsutvikling som ville skapt eit fettoverskott i næringa.⁷ Dessutan var det motsrid mellom tilrådinga om å auka forbruket av fisk og samtidig stabilisere kjøttforbruket. Meldinga rekna med at sjølvforsyningsgraden ville auka frå 48 til 56 prosent innan 1990, og delen frå norsk jordbruk ville stige frå 40 til 48 prosent.⁸ Korrigerert for kraftfôrimporten ville målingane til regjeringa innebera ein auka i netto sjølvberging frå 39 til 52 prosent.

I landbrukskomiteen var det usenje om kor høgt ein kunne setta målingane for sjølvberging. Representantane for Arbeidarpartiet gjekk inn for 52 prosent, som regjeringa, mens dei borgarlege gjorde framlegg om 60 prosent og SV 70 prosent. SV og dei borgarlege hadde fleirtal, slik at stortingsfleirtalet i realiteten påla regjeringa enda større ambisjonar enn ho sjølv hadde. I Stortinget var det òg usenje om bruk av forbrukarsubsidiar for å påverke kosthaldet. Arbeidarpartiet og SV sine representantar hadde størst tru på subsidiar, mens representantane frå Høgre og Framsøgespartiet var prinsipielt imot og hadde lita tru på effekten. Formannen i landbrukskomiteen, Berge Furre, dissenterte på fleire punkt. I debatten i Stortinget reiste Furre spørsmålet om matvaresuverenitet og dei globale perspektiva:

Det nye verdsbiletet som olje- og kornkrisen for to-tre år sidan skapte, set no sine merke på norsk politikk [...]. Framtidsusikene for matforsyninga i verda er ikkje gode [...]. Alt i dag lever om lag 500 mill menneske på jordå på eller under grensa for hungersnød, og nærare halvdelan av menneskeslekta er i tillegg feilernært [...]. Kvar står Noreg i dette biletet? Vi står på den tærande sida. Vi nyr fordelane av proteimperialismen. Den



Verdskonferansen om matvarer hausten 1974 vart halden på bakgrunn av svelande millionar i den tredje verda og overvekt som eit stigande problem i dei rike landa. Auknen i matproduksjonen i verda var i ferd med å flata ut, og små kornlagen hadde sendt kornprisen til eit rekordhøgt nivå. Men på grunn av «overproduksjon» i den rike delen av verda vart mat øydelagd, slik som på bildet, der ei kålving blir harva ned fordi marknaden har fløynt over og prisane falle til under produksjonspris. Problemstillingane på FN-konferansen i Roma var da som no: korleis skaffe mat til det raskt veksende folketallet i verda, og korleis fordele denne maten på ein meir rettferdig måte?

straum av mat som går til Europa frå oversjøiske land, når også vår lyst. Europa nyttar eit areal i andre land som tilsvarar 50 prosent av Europas jordbruksareal til å brøddø seg.⁹

Det har vorte hevda at Ernæringsmeldinga i altfor stor grad vart styrt av næringsinteressene, i og med at Landbruksdepartementet hadde sekretariatet under arbeidet og førebudde meldinga.¹⁰ Både Berge Furre frå SV og Harald U. Lied frå Høgre kritiserte i debatten regjeringa for å ha innført subsidiar på lyst svinekjøtt som eit element i det kombinerte lønnsoppgjøret, noe som var i strid med målingane om å auka forbruket av mørkt kjøtt. Landbruket fekk gjennomslag for å auka den norske produksjonen av grov-

fôr og gras, og fiskerieringa fekk gjennomslag for auka forbruk av fisk og marint feitt. Sjølv om meldinga gjekk inn for den landbruksvenlege målsettinga om å auke sjølvforsyningsgraden for matvarer, inneheldt ho også ei målsetting om å redusere kaloriinntaket av animalsk feitt. Her synte meldinga til medisinsk forskning som viste samanheng mellom høgt inntak av metta fettsyrer, som det er mye av i dyrefeitt, og hjarte-karsjukdomar.¹¹


Grunnen til at tabellen viser ein sjølvforsyningsgrad som er høgare enn prosentdelen frå norsk jordbruk, er importen av innsavvarer til fôr. Aukande korproduksjon har redusert dette importbehovet. Som verkemiddel for å redusere inntaket av mjølkefeitt kom Ernæringsmeldinga med eit forslag om å innføre lettmiølk. I Sverige vart det lansert lettmiølk med 0,5 prosent feitt i 1969, og i Danmark kom det lettmiølk med 1,5 prosent feitt i 1973. Meieribruket var lite begeistra for forslaget. Dei såg for seg store problem med å bli kvitt det overskyrande mjølkefeitet. I 1930-åra hadde meieribruket hatt eit problem med smørverskott, og i 1970-åra ville dei vera utenkjeleg å gjennomføre subsidiert smørinnblanding i margarin, slik det vart gjort før 1940. I regjeringa var det konflikt mellom Forbrukar- og administrasjonsdepartementet og Landbruks-

Tabell 9. Sjølvforsyningsgrad og delen av naturforbruket produsert i norsk jordbruk, i prosent 1953-2000.

	Sjølvforsyningsgrad	Del produsert i norsk jordbruk
1953-55	49	38
1970	48	39
1975	51	43
1980	50	42
1985	53	46
1990	53	47
1991	55	49
1992	55	49
1993	51	46
1994	54	49
1995	53	49
1996	51	47
1997	53	51
1998	53	51
1999	49	47
2000	51	49

Kjelde: Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet

Figur 14. Samla forbruk av mjølk, heilmjølk, lettmiølk og skummamjølk 1975-2000.



Kjelde: Budsjettmemora for jordbruket (e)

departementet om innføringa av lettmiølk. Men etter press frå Statens ernæringsråd og Forbrukarrådet gjekk meieribruket motvillig med på å lansere ein prøveproduksjon av lettmiølk med 0,5 prosent feitt i 1976.¹² Salet av den nye lettmiølk vart ein fiasko, og året etter vart produktet trekt frå marknaden. Forklaringa kan vera både at produktet ikkje var smakeleg, at marknaden her heime enno ikkje var moden for lettprodukt, og at innsatsen frå Norske Meieriers Salgsentral berre var så måteleg.

Lettmiølk med dagens 1,5 prosent feitt kom først på marknaden i 1984, etter at meierisnvrket hadde merka ei stigande interesse for magre produkt blant forbrukarane. No som før var feittoverskottet eit problem, i og med at forbruket av matfeitt også burde ned av ernæringsgrunnar. Men etter at meieribruket fekk gjennomslag for å utvikle blandingsmargarin av smør og soyamargarin (Bremyk/Brelett), vart det avsetning på noe av mjølkefeitet. Lettmiølk vart raskt populær, og først på 1990-talet var konsumet av lettmiølk like stort som all anna mjølk til saman. Forbruket av heilmjølk hadde gått ned alt frå 1980. Og mens smørforbruket gjekk svakt ned i perioden 1975-90, auka osterforbruket jant og trutt, truleg mest som resultat av velstandsauken.

Målet i Ernæringsmeldinga om å redusere kaloriinntaket av feitt frå 42 prosent i 1975 til 35 prosent av totalt kaloriinntak vart nådd i 1990. Da vart det sett eit nytt mål for feittinntaket på 30 prosent. Målsettinga om å auke sjølvforsyningsgraden til 56 prosent vart i realiteten aldri nådd.

På det meste nådde den samla innanlandske kaloriiproduksjonen 55 prosent av forbruket i 1991, mens sjølvforsyningsgraden på 1990-talet har lege mellom 49 og 55 prosent, alt etter kor gode kornår det har vore.¹³ Når det galdt kjøttforbruket, auka dette trass i målsettinga om stabilisering, også etter at forbrukarsubsidiene vart tatt bort på 1980-talet. Og stikk i strid med målsettinga auka forbruket av dei lyse kjørtslaga mest. Her fell den norske utviklinga saman med ein sterk internasjonal trend, som både har med ei gunstig prisutvikling og stigande interesse for magre produkt å gjera. På noen område, slik som redusert feitinntak og auka sjølvforsyningsgrad, var norsk ernæringspolitikk etter 1975 ein suksess. Men på andre område, slik som måla med redusert sukkerforbruk og inntak av metta fett, har utviklinga gått i teil retning. Ein kan også spørja seg om det var omsynet til kulturavhengige ideal som ein slank figur meir enn omsynet til helsa som gjorde lettmjølk og lettmargarin til salssuksessar på 1980- og 1990-talet.

I utgangspunktet var det dristig gjort av leiande folk i landbruket å gå inn i ein forpliktande prosess med ernæringsfolka på 1970-talet. Men vurderinga var at ein ville ha meir å tapa på å stå på usida og streia imot ei utvikling ein såg koma.¹⁴ Dessutan hadde landbruksnæringa alt frå 1946 vore med i eit forpliktande ernæringspolitisk samarbeid gjennom det korporative Ernæringsrådet. Ser ein på status i år 2000, er det ikkje tvil om at landbruksinteressene gradvis er trengde tilbake og ernæringsinteressene har rykt fram. Dette sei ein tendensar til alt i den oppfølgingsmeldinga som Sosialdepartementet la fram i 1981. Her er det meste av landbrukspolitikken rydda bort, og ernæringspolitikken står fram i meir reindyrka form.¹⁵ Reindyrkinga av ernæringspolitikken har vorte særlig tydeleg på 1990-talet under Kaare R. Norum sitt leiarskap i Ernæringsrådet. No kan ein ikkje lenger snakke om noen mjølkeallianse mellom landbruket og næringssektorsiden, slik det var på 1970-talet. Tvert imot har drikke mjølka vore i sterkt negativt fokus. I straden for landbruk er det fysisk fostring som har kome i frangrunnen etter namneendringa til Statens råd for ernæring og fysisk fostring frå 1999. Når det gjeld endringar i kosthaldet, kan ein spørja seg om det var ernæringspolitikken eller internasjonale forbrukartrendar som gjorde størst utslag. Overgangen til magre produkt og lyst kjøtt har i denne perioden vore ein trend i alle rike land.

Stortingsmelding nr. 14

Som ei samanfanning av dei store landbruksreformene i perioden 1974-77 vart Stortingsmelding nr. 14 ståande som ei lita karekisme for ein heil generasjon av landbruksakademikarar og bønder. På 1900-

talet har det i tillegg vore tre store reformperiodar i landbrukspolitikken: perioden 1928-35 med jordlov, omsetningslov og kriseforlik, perioden 1945-50 med rasjonaliseringskomité og hovudavtale og endeleg første del av 1990-talet med marknadsorientering, innføring av tollbasert grensevern og omorganisering av statlege landbruksinstitusjonar. Stortingsmelding nr. 14, som vart laga fram av statsråd Øksnes 15. oktober 1976, inneheldt dei mest ambisiøse planane for styring av norsk landbruk noensinne. Denne stortingsmeldinga, som vart rettingseivande for utviklinga i landbruket fram til reformene først på 1990-talet, bygde både på innstillinga frå Øksnesutvalet, på tilrådingane frå matvararekonferansen i Roma og på jamstillingsvedtaket frå desember 1975.¹⁶

I perioden 1973-76 vart mange premisar for landbrukspolitikken endra både her i landet og internasjonalt. Til dømes vart landbruket i USA også stimulert i denne perioden, men det kom overproduksjonen raskare enn i Noreg, og dei politiske bremsane vart slått på i 1980.¹⁷ Norsk økonomi var inne i ei særnorsk oppgangstid, der både den nye oljenæringa og veksten i offentleg sektor skjeipa etterspurnaden etter arbeidskraft og investeringskapital.¹⁸ Mange i det politiske miljøet såg at landbruket sto i fare for å tapa i denne kampen dersom det ikkje vart gjort politiske grep for å demme opp og styrkje rekrutteringa. Ein slik regulering og stimulerande politikk passa godt inn i den allmenne mottokjunkturpolitikken som Arbeidarpartiet slo inn på frå 1976.¹⁹ Stortingsmelding nr. 14 gav uttrykk for planleggingsoptimisme og store ambisjonar om politisk styring av prisar og forbruk, produksjon og nydyrking. Arbeidarpartiet var enno inne i ein planleggingsoptimistisk og reguleringsivrig fase, utan sterke politiske utfordringar til høgre. Frå organisasjonane i landbruket kom det heller ingen sterke motforestillinger.

Når det gjeld *produksjonsmål*, skulle landet vera sjølvforsynt med mjølk og mjølkeprodukt, kjøtt, egg, potet og grove lagringssterke grønnsaker. Som i Ernæringsmeldinga vart det tatt til orde for å auka sjølvforsyningsgraden til 52 prosent på kalorigbasis. Det skulle ein gjera ved å utvide jordbruksarealet med 1 million dekar; mellom anna skulle kornarealer utvidast frå 3 til 3,6 millionar dekar. Dessutan skulle importen av kraftfôr reduserast og forbruket av mørkt kjøtt produsert på norsk grovfôr auka. Averkeringa i skogen skulle auka frå 8-9 til 10-11 millionar m³. Det meste av produksjonsveksten skulle skje i strok som var mest avhengige av landbruket. I tillegg til produksjonsmålet vart det formulert eit *mål om miljø- og ressursvern*. Men målsettingane var generelle, til dømes at ureininga frå landbruket skulle avgrenast, organisk materiale skulle resirkulerast så langt råd var, og uheldige naturinngrep skulle motverkast. Det mest konkrete var å bremse på avgangen av dyrka jord til utbyggingssformål.

Innreksmålet frå desember 1975 vart gjentatt og knytt til «rimelige» krav til effektivitet. Eitt årsverk i jordbruket vart sett til 1975 timar, som skulle svara til eit avtalefesta årsverk i industrien med tillegg for normal arbeidsreise. LD slutta seg ikkje til kravet frå jordbruksorganisasjonane om å trekke inn godtgjerung til eigenkapitalen i innreksmålet. *Målet for effektivitet* var at produksjonen skulle skje så effektivt som mogeleg, når ein tok omsyn til dei andre måla. Effektivitetskrava i ulike produksjonar skulle knytast til ein serie modellbruk med normert arbeidsforbruk etter distrikt og driftsform.²⁰ Resultatet frå desse modellbruka skulle vise om innreksnivået pr. årsverk nådde jamstillingsmålet. Levekår var no på veg inn i innreksmålet i tillegg til pengeinntekt, men her viste meldinga til det utvalet som skulle samanlikne levekåra for bonden og industrarbeidaren (Loddenuvalet).²¹ For første gong i ei landbruksmelding vart arbeidet og inntekta til kvinnene særskilt omtala:

Det er viktig å utforme innreksmålet slik at kvinnene gis den samme økonomiske godtgjærte som menn. Videre er det viktig at de sosiale og skattemessige ordninger i næringen utformes slik at kvinnene blir likestilte med mennene.²²

Av nye verkemiddel vart det foreslått eit produksjonsliskort pr. dyr. Ein tok og til orde for ei sterkare differensiering, slik at verkemidla kunne verke meir utjannande mellom brukstypar. Dei differensierte tilraka hadde utgjort om lag 20 prosent av støtteformene etter at driftsliskortet vart innført i 1965. Strukturidealar var framleis familiebruket med frå 1,5 til 2,5 årsverk. Som verkemiddel i strukturlpolitikken vart det sett normer for utbyggingsbruk. For mjølkeproduksjonen vart taket lagt ved 10-15 kyr i næringssvake strok og 15-20 kyr i sentrale område på flatbygdene.²³ Statens hadde skaffa seg stor kontroll med utviklinga, både gjennom planlegginga av og tilskottet til utbyggingsbruk, og ved at Landbruksbanken gav halvparten av alle lån til næringa. Kanaliseringspolitikken skulle halde fram ved at all ekspansjon i husdyrbruket skulle skje i næringsvake strok, men nedbygginga av husdyrhalder på flatbygdene skulle flatast ut. Det vart lagt opp til utbygging av spesialisert sauhold, ettersom det var underdekning i marknaden og det fanst ein forreserve i utmarka. Reglane for støtte til nydyrking og grøfing vart utforma slik at 3/4 av dyrkinga skulle skje i næringsvake strok.

I debatten om Stortingsmelding nr. 14 i mai 1977 finn ein att dei same frontane som i debatten om ernæringsmeldinga. Arbeidspartiet støtta innstillinga om mål for sjølvforsyningsgrad på 52 prosent, dei borgarlege partia ville gå eit steg lenger (60 prosent), mens SV på nytt hadde det «høgaste bodet» på 70 prosent sjølvforsyningsgrad. Men eit samla

Storting stilte seg bak denne massive satsinga på distriktlandbruket. Det skulle dyrkast 80 000 dekar årleg, slik at samla jordbruksareal kunne auke med 1 million dekar, av dette 600 000 dekar kornareal fram til 1990.²⁴ Dette var særleg ambisiøst med tanke på at jordbruksarealet hadde vorte redusert med vel 1 million dekar i perioden 1959-75. Trass i ei nydyrking på 1 million dekar i denne perioden hadde nye jord vorte disponert til andre formål eller lagd brakk. På det meste, i 1970, vart 20 000 dekar i året omdisponert til utbyggingsformål. På grunn av denne utviklinga tok eit samla Storting til orde for eit forsterka jordvern. Forsett nydyrking skulle vera eit verkemiddel i den ytre rasjonaliseringa. Dessutan stilte alle partia på Stortinget seg i prinsippet bak eit prissystem med to komponentar: ein grunnpris på produktet og eit differensiert produksjonsleggs på toppen av dette. Men Høgre ville vera forsiktig med dei produksjonsnøytrale tilskotta. Dei to einaste punkta der dei borgarlege partia samla gjekk imot meldinga, var spørsmålet om ei geografiske differensiering av dyrkingsliskortet og avgrensing av investeringsliskortet til eit omfang som svara til storleiken på familiebruk. Men her kunne Odvar Nordi samle fleirtal og regjere med støtte frå SV.

Strukturlpolitikk og fellestilltak

Stortingsmelding nr. 14 dempa statens pådrivarrolle i strukturlpolitikken. Bruk som klart gjekk over produksjonsomfanget for eit «familiebruk», skulle ikkje ha investeringsliskort. Dette prinsippet om eit tak på utbyggingsprofilen møtte sterke protestar frå Bondelaget, som meinte at det ville gå ut over dei såkalla tofamiliebruka. Men Stortinget slutta seg til, og dermed vart strukturnorma frå 1977 avleggande rundt 15 årskyr og 1 1/2 årsverk for mjølkeproduksjonen, i motsetnad til i 60-åra da mange utbyggingsbruk vart planlagde med 20-25 kyr. Likevel vart dei bruka som vart utbygd med statsliskort på slutten av 70-talet, mykje større enn det gjennomsnittlege mjølkebruket, som i 1975 hadde åtte årskyr. Dessutan var det framleis slik at langt dei fleste bruka som slutta med mjølkeproduksjon, var små. Ei tilsvarande utvikling skjedd også i dei andre produksjonane. Dei som slutta, hadde ein liten produksjon, og dei som spesialiserte seg og bygde ut, auka omfanget i denne eine produksjonen. Strukturrenaseringa i husdyrholdet heldt fram i eit litt redusert tempo, sjølv om den statlege stimulansen vart svekt.


Med dei ambisiøse planane for å dyrke 1 million dekar på 15 år måtte nye organisasjonsformer takast i bruk. Mange bruk var små og hadde lite ledig dyrkingsjord, i alle fall rundt gardshusa. Ånga fall på stimulans av fellestilltak, som førdyrkingslag, fellesetter, fellesbeite og felles luk-

Samvirket bør ikke bare omfatte omsering, men også produksjon, lagring og transport. Spørsmålet om å opprette fellesfjøs, maskin- og transportstasjoner må snarest mulig oppnås til inngående behandling. Da en økning av bruksstørrelse bare kan gjennomføres meget langsomt og dessuten vil by på store vanskeligheter, må en gjennom utvidet samvirke redusere behovet for arbeidskraft og øke effektiviteten i jordbruket.²⁶

Same året vart Vågå Fjøsag og Barkåker Samvirkefjøs bygde ut med strategisk velgjøring og støtte etter ein modell som var utvikla i Jämtland. Men Jon Leirfall (Sp) var alt i debatten med Brofoss i 1947 skeptisk til den svenske modellen for samvirkefjøs, som han meinte hadde lagt «ei daud hand over utviklinga i jordbruksdrifta, særleg over nydyrking og beitekulturivering».²⁷ Bøndene skulle levere fjøret til det felleseigde samvirkefjøset, som vart drive med leigd hjelp. Deltakarane fekk oppgjør etter leverte fjøreiningar. Men på grunn av konflikter om takseringa av fjøret og dårlig lønnsend for medlemmane viste denne modellen seg ikkje å vera liv laga. Midt på 1970-talet var alle pionerfjøsane med eit unnatak nedlagde.²⁸

Da Selskapet for Norges Vel tok opp art arbeidet for fellestiltak i mjølkeproduksjonen midt på 1960-talet, vart to nye modellar prøvde ut: felles beite og felles fjøs.²⁹ Fellesbeite var eit samlenamn for alle beitefjøsane, anten dei kalla seg beitefjøs, sambeite, seterlag eller felleseter. Medlemmane sikra seg eit areal av tidlegare beite og/eller skog, som dei dyrka opp. Dei bygde mjølkestall, og ofte måtte dei i tillegg føre fram elektrisk kraft, bygge veg og røktarbustad. På denne måten fekk mange bruk med lite ressursgrunnlag tilført ekstra grovfôrgrunnlag, og dei fekk frigjort tid på den travle sommaren. Da avlørsarordninga kom frå 1976, vart både fellesbeite og fellesfjøs sedde på som gode organisasjonsformer for å sikre husdyrbrukarane ferie og fritid. Fram til 1980 vart det bygd opp vel 200 fellesbeite, og mange av dei låg i låglandet der det ikkje var gamle setergrunder.

I den nye modellen for felles fjøs som Norges Vel utvikla, var medlemmane med både i forproduksjonen og i dyrestellet. Mange tok med seg all produksjonen inn i fellesdrifta, og det fekk da namnet *samdrift*. Denne modellen viste seg å vera meir vellykka enn den svenske modellen, og i løpet av 15 år fram til 1980 vart det etablert om lag 100 fellesfjøs og sandrifter. Men i Stortingsmelding nr. 14 vart det uttrykt skepsis, dette kunne vera eit første steg i ei vidare strukturrasjonalisering. I tråd med dette vart det frå slutten av 1970-talet gjort endringar i regelverket for risikort slik at sanddriftene vart handsama meir som eitt stort bruk. Veksten i talet på sanddrifter stagnerte straks. Først da der vart lempa på desse reglane og landbruksminister Kåre Gjønnes tok til å snakke positivt om sanddrift i 1997–98, skaut utviklinga ny fart. Tidleg i 2002 fanst det vel 800.



Sommaren 1973 var Ola Lussæter røktar for 300 mjølkegeiter på Griningsdalen Fellesseter i Vågå saman med mor si, Anna Lussæter. Med moderne røyrmjølking måtte dei rekne med to–tre timars arbeid morgon og kveld til støbe mjølkinga. I tillegg kom vask, føring og stell av fjøs og dyr. Røsten av tida gjekk mellom anna med til samvær med karen til høgre på bildet.

kings- og planeringstiltak. Det tradisjonelle seterhaldet hadde gått sterkt attende etter krigen og var i ferd med å bli redusert til ein turistikulisse på 1970-talet. Men frå midten av 1960-talet hadde fellessetene vakse fram. Eit utval i Selskapet for Norges Vel som skulle greie ut nye samvirkeformer, la fram innstillinga si i 1963, og det blinka ut *fellesbeite* og *fellesfjøs* som to sentrale former der det skulle drivast utviklingsarbeid og rettleiing.³⁰ Fellessetene vart baserte på moderne metodar med vegbygging, nydyrking i fjellet og henting av mjølka med tankbil. Denne nye seterforma innebar ei viktig utviding av fjørgrunnlaget og beitearealet for dei gardane som var med. Dessutan vart folket på garden avlasta i den travle sommarsesongen, og mange brukarfamilar fekk seg ein etterlengta ferie for første gong.

Alt i debatten om nasjonalbudsjettet i 1947 sa finansminister Brofoss til Stortinget:

Korleis gjekk det med det plansynte landbruket?

Plansyret for landbruket midt på 70-talet hadde store ambisjonar og talte festa den ønskelege utviklinga. Korleis lykkast det? På noen område gjekk målsettingane i oppfylgning. For å auke sjølvberginga og styrkje grovfôrproduksjonen var målet at jordbruksarealet skulle utvidast med 1,5 prosent og kornareal med 20 prosent. Jordbruksarealet gjekk i perioden 1976-90 opp frå 8 653 000 til 9 941 000 dekar, mens kornareal gjekk opp frå 2 981 000 til 3 567 000 dekar, og både tala ligg mindre enn ein halv prosent unna målalet. Målet for avvekinga i skogen var ein auke frå 8-9 millionar til 10-11 millionar kubikkmeter, der ein for sesongen 1990-91 enda på 10,6 millionar. Per Harald Grue har med god grunn karakterisert desse tala som ein innartar. Målet om å stabilisere brukstallet, eller stans «strukturel rationalisering», slik noen hadde uttrykt det, vart derimot ikkje innfridd. Men nedgangen i talet på årsverk og bruk vart sterkt dempa, særleg for perioden 1974-81, og nedgangen tok seg ikkje opp att til det høge nivået i perioden 1969-75.

Målsettingane om å styrkje produksjonen i næringsvake strok vart til ein viss grad innfridd. Verkemidla vart vridde til fordel for Nord-Noreg, slik at overføringane pr. årsverk i denne landsdelen var om lag dobbelt så store som i Sør-Noreg på slutten av 1980-talet. Gjennomsnittsbuket i Nord-Noreg vaks, frå 0,88 årsverk i 1969 til 1,03 årsverk i 1986. På same tida minka årsverket i sentrale strok i Sør-Noreg frå 1,37 årsverk pr. bruk til 0,98.³⁰ Men den delen av årsverka i jordbruket som var knytt til Nord-Noreg, auka berre moderat, frå 9,5 prosent til 11,9 prosent. På same tida streig delen av jordbruksysselettinga i distrikta frå 67 prosent til 69,7 prosent.³¹ Av driftsformene auka sau og korn mest, mens mjølkeproduksjonen fekk ein vesentleg reduksjon i sin del av jordbruksysselettinga, frå 57,2 prosent til 44,8 prosent.³²

Når det gjeld inntektsmålet og produksjonsmålet, var ein mindre treffsikker. Partane vart samde om at inntektsmålet vart oppnådd i 1982. Men i 1990 vart målet om jamstilling politisk sett vraka. Produksjonsmålet i 1976 var å dekke det nasjonale forbruket av mjølke- og husdyrprodukt og grove lagringssterke grønnsaker. Men i løpet av få år var overproduksjonen på kjøtt og mjølk eit faktum. Stortingsmelding nr. 14 diskuterte denne problemstillinga for mjølk og vurderte ulike måtar å styre mjølkeproduksjonen på. Det vart tilrådd å setta ned eit utval som skulle greie ut regelverk til ei kvoteordning. For kjøtt var det ei underdekning på 8-10 prosent på den norske marknaden midt på 1970-talet, så her skiserte meldinga ingen tiltak. I ettertid kan ein så fast at det var inga forståing av vekspotensialet i den produksjonsprosessen som vart sleipt laus, og det var liten motivasjon for å vera føre var. Alt frå 1977 måtte det

gjennomførast ei frivillig bonusordning for å avgrense mjølkeproduksjonen. Dei som stabiliserte eller reduserte mjølkeleveransen i forhold til 1976, fekk utbetalt ein bonus.³³ Omtrent halvparten av mjølkeproduusentane nytta seg av bonusordninga, men med unntak av det første året viste bonusordninga seg å vera lite effektiv. Det måtte sterkare verkemiddel til for å unngå kostbar overproduksjon og følgjande tapseksport av smør og tørrmjølk til dumpingprisar. Dei einaste produkta der eksport var lønnsamt, var visse typar ost. Her hadde professor i meieriteknologi Ole Martin Ystgaard og medarbeidarane hans ved NLIH utvikla den seinare så velkjende Jarlsbergosten. Eksporten til USA starta i 1965, og han er i dag på 6,8 millionar kg pr. år, det same som den øvre grensa for importkvoten til USA.³⁴

**BØNDENE INN I VELFERDSSTATEN**

Mange av dei ordningane som vart utvikla under den nye landbruksstaten på 1970-talet, kan sjåast som ei utviding av velferdsstaten til ei ny sosialgruppe på landsbygda. Når velferdsstaten skulle utvidast med barnevern, sjukepengar og folketrygd, vart det alltid nødvendige næringsdrivande med. Da ramma for jordbruksavtalen vart strekt utvida frå 1976, vart det lettare å få til nye sosiale reformer der noe av kostnadene kunne dekkjast gjennom avtalen. På 1970-talet vart det stilte gjentatte krav, ikkje minst frå bondekvinnene, om likestilling for landbruket når det gjaldt sosiale rettar, som sjukepengar og ordna ferie og fritid.

Ferie og fritid

Der var aldri snakk om ferie eller avløsning, men *søndag*, da fikk arbeidet kvile. – Om somrene, når det var godvær, tok vi båten og rodde til badestrand, ei fin, lun vik i Sforvannet. Hadde med mat og kaffejøl, barna badet, og vi hadde det artig. Det var «ferieturene» våre i alle år.¹

Arbeidet med å få til ei ordning med ferie og fritid for dei som fall utanfor ferielova av 1947, tok til i 1962 med den såkalla Bråthenkomiteen. I 1965 kom innstillinga med forslag om ei røktarvikarordning for jordbruksbefolkninga. Røktarvikaren skulle arbeide innanfor eit avgrensa geografisk område og skulle delvis finansierast av eit eige fond under jordbruksavtalen. Eit landbruksinternt utval, Okkenhaugutvalet, arbeidde ut